

# Vekeplan 3. klasse

Veke 4



17 SAMARBEID  
FOR Å NÅ MÅLENE



Ordenselev: William

## Emne og mål:

Sosialt mål:	Eg prøver å vere ein god venn og seier takk når nokon gjer noko bra for meg.
Norsk:	Emne: Forteljing. Mål: Eg veit korleis ei forteljing er bygd opp med innleiing, midtdel og avslutning+ eg les masse (Norli junior lesekonkurranse)📖
Matematikk:	Emne: Måling Mål: Eg kan legge saman og trekke frå med fleisifra tal.
Engelsk:	Emne: Fruit and berries Mål: Eg kan lese og forstå enkle tekstar på engelsk.
Samfunn:	Emne: FN Mål: Eg kjenner til nokre av FN sine <b>berekraftmål</b> . Eg veit kva det betyr at måla er berekraftige.
KRLE:	Emne: Rett og gale Mål: Eg kan fortelje 3 ting om Sokrates.
K & H:	Mål: Eg kan teikne hus frå ulike sider.
Naturfag	Emne: Ta vare på miljøet MÅL: Eg kan forklare korleis me kan kjeldesortere.
Musikk	Emne: Rytme

HUGS PÅ Å REGISTRERE BØKER PÅ NORLI JUNIOR📖📖📖



Tid for  
REFLEKS!

Kjære foreldre!

Eg håpar alle har hatt ein fin haustferie og er klar for ny arbeidsinnsats på skulen📖.

Det er så kjekt å få følgje elevane og sjå den fantastiske utviklinga dei har hatt på ulike område sidan dei begynte på skulen i 1.klasse. Det gjeld ikkje minst leseutviklinga. Me kjører på og les + registrerer vidare. Nokre av elevane treng nok at de foreldre minnar dei om både lesing og hjelp til å registrere det som er lese.

Me trener ofte på korleis me lagar ulike lydar på engelsk, og eg er imponert! Nå øver me ofte på å lese engelsk, og det har de jo merka på leksene og.

Me vil halda fram med å arbeide med «Likskapar og skilnader» + FN i samfunnsfag ( og norsk). Som tidlegare nemnt, gjorde elevane ein flott innsats på skuleløpet i år og. De får korta heim, så kan de betale via spleis – eller sende kontantar i lukka konvolutt. Takk skal de ha!

Ha ei flott haustveke!

Helsing Anny

**Hugs låneboka di!**

Heimearbeid:

Namn:

<u>Til tysdag</u>	<p><b>Lesing:</b> Leseboka s.76. Øv godt og gjer gjerne opptak av teksten på læringsbrettet. + Prøv å finne ut kva som er innleiing, midtdel og avslutning i forteljinga.</p> <p><b>Rekning:</b> Multi (raud)s.24. Gjer dei seks første oppgåvene.Klarer du nokre av oppgåvene under oppgåvene med teikningar?</p> <p><b>Engelsk:</b> Kor mange fruktnamn kan du på engelsk? Fortel dei heime. <b>Hugs låneboka di!</b></p>
<u>Til onsdag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Kopi (Korleis kan vi dele meir rettferdig?).Øv godt på dette og snakk med dei heime om det+ les i <b>låneboka di!</b></p> <p><b>Engelsk:</b> Øv på å lese s.16 (7)i Workbook.</p> <p><b>Rekning:</b> Multi (raud) s.26 (oppg. Med teikningar+ tre oppg.til. Eller avtal m Anny</p>
<u>Til torsdag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Leseboka s. 77, 78. Øv godt. Gjer opptak på læringsbrettet. Finn innleiing, midtdel og avslutning i forteljinga.</p> <p><b>Finskrift:</b> Skriv desse øveorda 3 gonger+ lag 3 setningar der du brukar dei: <b>vatn, alltid, kjøre</b></p> <p><b>Rekning:</b> Avtal m/ Anny</p>
<u>Til fredag:</u>	<p><b>Lesing:</b> Les minst 10 min i låneboka di.</p> <p><b>Skriving:</b> Lag ei lita forteljing om ei lånebok du har lese i skriveboka di. Hugs innleiing, midtdel og avslutning.</p> <p><b>Rekning:</b> Multi 3 nettoppgåver , kap.3 Måling.Jobb i minst 10 min.(Prøv deg på oppgåver du ikkje har gjort før).</p>

**Kommentarar frå heimen:**

